

NO ER DET DIN TUR!**INVITASJON TIL KONFIRMASJON**

Flatdal, Seljord og Åmotsdal inviterer deg til å vera konfirmant under mottoet «Alle med» og ei «Kyrkje for alle».

- ✓ Fyll inn personlege opplysningar i linken for påmelding til konfirmasjon eller ta kontakt med oss i lokal kyrkja. Sjå påmelding innan 1.oktober og kontaktinformasjon siste side.
- ✓ Du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, er nysgjerrig, ikkje døypt
- ✓ Velkomen er du: til å utforske, undre seg, samtale om tru og liv. Bli kjend med kyrkja di i lyset og spora av Bibelens forteljingar.
- ✓ Alle menneskjer er forskjellige. Kom som du er! «Alle med»!
- ✓ Vi legg til rette for å imøtekoma med individuell tilrettelegging.
- ✓ Døve kyrkja har eige tilbod med undervisning på teiknspråk i teiknspråkmiljø for deg som er døv/hørselshemma. [les mer her.](#)
- ✓ Ynsker du å delta på samisk konfirmantleir kan du også det, uansett kor du deltar i konfirmantopplegg elles. Ta kontakt med lokalkyrkja.
- ✓ Bur du i utlandet? Då kan du delta på nettundervisning eller andre aktivitetar.

ER DU IKKJE DØYPT?

- ✓ Du treng ikkje vera døypt for å vera med i konfirmasjonstida, men du må vere døypt for å bli konfirmert.
- ✓ Dåpen er ei forutsetning for å stå konfirmant.
- ✓ Dåpen viser at du er ein del av eit kristent fellesskap i den i verdsvide kyrkja.
- ✓ I dåpen blir du blir medlem av Den norske kyrkja.
- ✓ Bibelen fortel at dåpen er ei gåve frå Gud. Dåpen er eit synleg tekn på Guds kjærleik og på at den døypte er en del av ei verdvid kyrkje.
- ✓ Ta kontakt med presten for ei samtale med deg og dine næraste om dåpen, og kva som skal skje i kyrkja. Sjå kontaktinformasjon siste side.

KVA BEKREFTAST I KONFIRMASJONEN I DEN NORSKE KYRKJE?

- ✓ Konfirmasjonen er konfirmantens eige personleg val.
- ✓ Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjere sterk».
- ✓ I konfirmasjonen er det Gud som bekreftar konfirmanten.
- ✓ I konfirmasjonsgudstenesten gjentakas løftet som ble gitt i dåpen: Gud skal vera med deg alle dagar, heile livet.
- ✓ I bønna seiast konfirmantens namn, og vi ber Gud om å velsigne og å styrke konfirmanten på vegen vidare i livet.



- ✓ Konfirmasjonsdagen er en stor dag – uansett! Foto: Von/Kirkerådet

KONFIRMANTIDA VIL VI AT DU SKAL

- ✓ Kjenna deg velkomen, ynskja og respektert for den du er.
- ✓ Møta ei open kyrkje som legg til rette for alle menneskjer så langt det er mogleg, ved å vera gjestfri, trygg og tilgjengeleg.
- ✓ Læra og erfare kristen tru i praksis. Erfare, utforske, undre, stille spørsmål og reflektere og bli kjent i Bibelen, med Gud og Jesus.
- ✓ Gir og får erfaring og kunnskap om viktige tema i livet.
- ✓ TikTok #konfirmantene legg ut filmar om konfirmanttida, ulike samlingar og aktivitetar, og svarar på spørsmål i kommentarfelta.
- ✓ **Trykk her for å oppleve livet som konfirmant på TikTok #konfirmantene**



KONFIRMANTTIDA FLATDAL, SELJORD OG ÅMOTSDAL

- Hovudansvaret for konfirmantane har Ingunn Liseter, diakon og trusopplærar. Andre tilsette i kyrkja vil de møte i ulike anledningar som t.d. gudstenesta.
- Gruppesamlingar med ulike tema. Laurdags- eller helgesamlingar
- Delta på 4 frivillige gudstenester og 4 obligatoriske. Gravferd tel som gudsteneste.
- Å vera ministrant, er ei teneste som medhjelpar på gudstenesta.
- Delta på Ljosmessene i lokal kyrkje.
- Diakonale gruppesamlingar: Ung møter eldre og basar/misjon.
- Innsamlinga til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.
- Dugnad på kyrkjegardane i lokal kyrkje på våren.
- Gravferdsdag i kyrkja med gravferdsbyrå.
- Konfirmasjonsleir, Pilegrimskonfirmant eller individuell tilrettelegging .
- Felles samtalegudsteneste og lokale konfirmasjonar i august.

KONFIRMANTANE I ØVRE TELEMARK ER EIN DEL AV



- Kick-off i oktober for alle konfirmantane i Øvre Telemark.
- Konfirmanttreff mars/april med Kirkens Nødhjelp og fasteaksjonen som tema.
- Konfirmasjonsleir i slutten av juni 2026, på Gjennestad vidaregåande skule i Vestfold saman med konfirmantar frå kyrkjelydane i Øvre-Telemark. Pris kjem.
- Eller Pilegrimskonfirmant med 4 samlingar på laurdagssamlingar våren 2026. Tilbodet er gratis.
- Eller konfirmanttida lokalt i gruppesamlingar eller ein til ein; ansvar lokalt.
- Påmeldingar til arrangementa kjem på eige skriv.
- Berthe Tysvær Heggli, Dagleg leiar i Ønsket & Elsket
tlf: 995 42 766 E-post: berthe@seljordkyrkje.no

PÅMELDING

- Påmelding som konfirmant innan 1. oktober 2025 heimesida: seljordkyrkje.no/livets-gong.
- Fyll inn kontaktinformasjon til begge foreldre/føresette og konfirmanten; e- post og telefonnr.
- Dåpsattest for dei som er døypt andre plassar.
- For å bli konfirmert må du vera døypt
- For konfirmantar i Seljord kyrkje;
Velg laurdag eller sundag.
Maks 8 konfirmantar pr. konfirmasjonsgudsteneste.
Klokkeslett på laurdag kjem når vi veit antallet konfirmantar.
Fyll inn eller ta kontakt om konfirmanten har særskilte opplysningar vi bør vite.
- Er du med på aktivitetar som idrett, korps eller har andre interesser, dansar, spelar instrument, teater eller syng,er det fint å vite.

Konfirmasjon	Åmotsdal kyrkje	Laurdag 15. august kl.11.00
Konfirmasjon	Flatdal kyrkje	Sundag 16. august kl.11.00
Konfirmasjon	Seljord kyrkje	Laurdag 22. august Tidspunkt kjem.
Konfirmasjon	Seljord kyrkje	Sundag 23. august KL. 11.00

- Informasjonsmøte i Seljord kyrkje måndag 22. september kl. 18.00.
- Foreldre og konfirmantmøte for påmeldte torsdag 2.oktober kl. 17.30 Misjonshuset/grått hus.
- Endringar kan koma.
- Ny prest vil koma i 2026.

Håpar å sjå mange av dykk som konfirmantar i kyrkja.

Har spørsmål om noko må de ikkje nøle med å ta kontakt! 😊

Beste helsing frå Den norske kyrkja i Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Ingunn Liseter
 Diakon og trusopplærar
 Tlf: 976 82 694
 E-post: ingunn@seljordkyrkje.no



DEN NORSKE KYRKJA
 Seljord kyrkjelyd